



Klagenemnda for offentlige  
anskaffelser

# Årsmelding 2016

## Klagenemnda for offentlege anskaffingar

GEORG FREDRIK RIEBER-MOHN

24. februar 2017

## Innhold

GEORG FREDRIK RIEBER-MOHN .....	1
Del 1 – Nemndsleiar sine betraktningar .....	3
Del 2 - Introduksjon til verksemda .....	5
2.1 Om KOFA sitt samfunnsoppdrag og regelverket for anskaffingar .....	5
Resultatkjeda i KOFA .....	5
2.2 Organisering og bemanning .....	7
2.3 Ein analyse av resultat og ressursbruk .....	8
Del 3 – Årets aktivitetar og resultat .....	9
3.1 Viktigaste aktivitetar i løpet av året .....	9
3.1.2. KOFA praksis i 2016 - nokre betraktningar frå året som gjekk .....	9
Ulovlege direkte anskaffingar .....	10
Tildelingsevaluering og evalueringsmodeller .....	10
Plikta til å grunngi avgjerda om tildeling .....	11
Unntaket for leige og erverv av bygg .....	12
3.1.3 Rettssaker .....	12
3.1.4 Foredrag .....	12
3.1.5 KOFA sin fagkonferanse 2016 .....	12
3.2 Våre resultat .....	13
3.2.1 Måloppfylling på strategiske mål .....	13
Overordna departement og tildelingsbrev .....	13
Hovudoppgåve .....	14
Viktige tal for verksemda .....	14
3.2.2 Strategiske mål .....	15
Kravet til effektivitet .....	15
Kravet til kvalitet .....	16
Krava til profesjonalitet og legitimitet .....	16
3.2.3 Veksling mellom målformene .....	17
Del IV – Styring og kontroll i verksemda .....	17
4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda .....	17
4.2 Turnover .....	18
4.3 HMS og arbeidsmiljø .....	18
4.4 Nye lokale i 2016 .....	18
4.5 IA-avtalen og sjukefråvær .....	18
4.6 Likestilling .....	19
Del V - Vurdering av framtidssutsikter .....	19
Del VI – Årsrekneskap .....	19

# Nye tider for offentlege anskaffingar i Noreg



Eit heilt nytt regelverk for offentlege anskaffingar tredde i kraft 1. januar 2017. Både lova om offentlege anskaffingar og dei tilhøyrande forskriftene er endra. Målet med endringane har vore å gjere anskaffingsprosessen enklare og meir fleksibel. I tillegg har KOFA fått utvida ansvarsområdet sitt på to område.

KOFA skal for det første handheve konsesjonskontraktforskrifta. Sjølv om KOFA ikkje tidlegare har handheva slike anskaffingar, så har KOFA erfaring med å vurdere skiljet mellom tenestekonsesjonskontraktar og kontraktar som følgjer anskaffingsforskrifta. Det er naturleg at KOFA skal handheve denne forskrifta. Vurderingane som må gjerast, er ganske like dei som

KOFA gjer etter anskaffingsforskrifta.

For det andre skal KOFA igjen pålegge gebyr for ulovlege direkte anskaffingar. Dette blei innført på nytt for å syte for ei meir effektiv handheving av regelverket. KOFA har heile tida meint at dette omsynet tilseier at gebyrmyndet ligg i klagenemnda. Det er to tilhøve som gjer at handhevinga denne gongen blir annleis enn i førre runde. Regjeringa hadde først foreslått at KOFA skulle (obligatorisk) pålegge gebyr på objektivt grunnlag, utan omsyn til skuld hos oppdragsgivar eller nokon som har handla på vegner av denne. Grunngevinga for å foreslå ein slik tilnærma absolutt regel var at ein aktsam oppdragsgivar har fått tilgang til å intensjonskunngjere ein konkurranse, og at det dessutan blei gitt ei opning, rett nok snever, til å unnlate å pålegge gebyr. Stortinget var samd i at handhevinga av reglane om ulovlege direkte anskaffingar burde effektiviserast, og i at KOFA derfor bør få gebyrmyndet tilbake. Men Stortinget godtok ikkje ein regel om obligatorisk pålegging av gebyr utan omsyn til skuld hos oppdragsgivaren.

På nytt må KOFA ta stilling til oppdragsgivaren si subjektive skuld – forsett eller grov aktløyse – som også var vilkår for å pålegge gebyr etter den tidligare regelen. Då var det i tillegg eit «kan-skjønn» om gebyr skulle påleggjast når desse skuldkrava var oppfylt; etter den nye regelen er det obligatorisk å pålegge gebyr i desse tilfella. I tillegg opnar den nye § 12 for å kunne – altså etter eit skjønn – pålegge gebyr også ved vanleg aktløyse. Den tilgangen var stengd etter den gamle § 7 b. Men for KOFA blir ikkje dette noko radikalt nytt. Vilkåra for å pålegge gebyr etter den nye § 12 første ledd i anskaffingslova, har fleire likskapar med den tidlegare § 7 b, som gav heimel til gebyrmyndet fram til 1. juli 2012.

Uansett er det viktig at KOFA har gode saksbehandlingsrutinar ved handteringa av slike saker. Dette blei også framheva av departementet i Prp. 51 L s. 66. Sjølv om offentlege oppdragsgivarar ikkje nyt vern etter EMK, kan det vere gode grunnar til å følgje saksbehandlingsrutinar som tilnærma gir same vern for den som bli ramma av eit lovbrotsgebyr. Det er ingen tvil om at dersom private rettssubjekt var blitt pålagt slikt gebyr med heimel i reglar som føreset subjektiv skuld hos enkeltpersonar, ville dette vere ein «criminal charge» og altså ei straffeforfølgning etter EMK artikkel 6, uansett korleis

sanksjonen blei klassifisert i nasjonal rett. Dette har Høgsterett slått fast for det parallelle lovbrotsgebyret som kan påleggjast private føretak etter konkurranselova § 29, sjå Rt. 2011 s. 910. Og for den offentleg tilsette som blir «hengd ut» som skuldig, ofte også i media, og ansvarleg for at arbeidsgivaren blir pålagt gebyr på millionbeløp, er det utan tvil eit behov for ein høg grad av rettstryggleik. Det kan neppe vere avgjerande at eit privat rettssubjekt som var blitt pålagt eit slikt gebyr ville bli ramma direkte økonomisk. På den andre sida er det også behov for rettstryggleik i den forstand at den offentlege rettshandhevinga av reglar om ulovlege direkte anskaffingar må bli verknadsfull, slik at den kan vareta viktige samfunnsmessige interesser. Begge desse tungtvegande omsyna bør speglast i saksbehandlingsreglane.

Det andre forholdet som gjer at handhevinga blir annleis no enn sist, er at terskelverdien blei auka frå 500 000 til 1,1 millionar kroner. Auken inneber at færre anskaffingar må kunngjerast og at færre anskaffingar blir rekna som ei ulovleg direkte anskaffing. På den andre sida er det sannsynleg at KOFA kjem til å få inn fleire klager som gjeld kva for rettslege krav som må stillast til anskaffingar under terskelverdien.

Oslo 24.februar 2017

Georg Fredrik Rieber-Mohn

Nemndsleiar

## Del 2 - Introduksjon til verksemda

### 2.1 Om KOFA sitt samfunnsoppdrag og regelverket for anskaffingar

Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) vart oppretta med heimel i forskrift om klagenemnd for offentlege anskaffingar av 15. november 2002, og har vore verksam sidan 1. januar 2003.

KOFA er eit uavhengig statleg organ som har som oppgåve å handheve regelverket for offentlege anskaffingar. KOFA har frå 1. januar 2017 fått myndigheit til å pålegge gebyr for ulovlege direkte anskaffingar. Andre avgjerder som gjeld brot på regelverket for offentlege anskaffingar er rådgjevande.

KOFA si verksemd er nærare regulert av Klagenemndsforordningen av 15. november 2002 nr. 1288.

Anskaffingsregelverket skal sikre at fellesskapets midlar blir brukt så kostnadseffektivt som mogleg. Dette er viktig med tanke på at det offentlege kvart år handlar for ca. 481 milliardar kroner<sup>1</sup>. Regelverket skal også motverke korrupsjon og kameraderi, hindre sosial dumping, legge til rette for miljøvenlege innkjøp og for universell utforming.

KOFA utarbeidde ein strategiplan hausten 2013, og valde følgjande strategiske mål:


<b>EFFEKTIV OG GOD KVALITET</b>
KOFA sine avgjerder skal komme raskt og ha høg fagleg kvalitet
<b>PROFESJONALITET</b>
KOFA skal opptre upartisk og vareta partane sine behov for rettstryggleik og føreseieleg saksgang
<b>LEGITIMITET</b>
KOFA skal oppfattast som ein viktig samfunnsaktør som fremjar anskaffingsregelverket sitt formål om kostnadseffektive innkjøp gjennom bruk av konkurranse

## Resultatkjeda i KOFA

Modellen nedanfor beskriv korleis KOFA ved dei ulike aktivitetane våre formar om innsatsfaktorane til produkt og tenester som er retta mot eksterne brukarar og samfunnet. Resultatkjeda formidlar essensen i verksemda i KOFA og viser samanhengen mellom innsats, aktivitetar og resultat.

---

<sup>1</sup> Det samla innkjøpet av varer og tenester for offentlig sektor utgjorde om lag 481 milliardar kroner i 2015. Kjelde er [www.difi.no](http://www.difi.no)




## 2.2 Organisering og bemanning

KOFA består av ei nemnd og eit sekretariat. I nemnda sit 10 juristar som er oppnemnde av Regjeringa. Leiar for nemnda er tidlegare Høgsterettsdommar Georg Fredrik Rieber-Mohn

Nemnda har følgjande medlemmer i tillegg til Rieber-Mohn som leiar: Jakob Wahl, Arve Rosvold Alver, Marianne Dragsten, Halvard Haukeland Fredriksen, Gro Amdal, Tone Kleven, Kristian Jåtog Trygstad, Karin Fløistad og Finn Arnesen.

Sekretariatet held til i Bergen. Sekretariatet si oppgåve er å administrere heile



klageprosessen, under dette å ta imot klage, ha kontakt med partane, hente inn nødvendig dokumentasjon, avvise saker og skrive utkast til nemndsavgjerder.

Sekretariatet har i 2016 vore leia av direktør/sekretariatsleiar Anneline Vingsgård.

Frå 1. juni 2016 gjekk nestleiar Erlend Pedersen i ulønna permisjon og blei erstatta av seniorrådgivar Jonn Sannes Ramsvik. Sekretariatet har også ein sekretær, Betty Teigland.

Sekretariatet er fagleg underlagt den nemnda som tek avgjerd i kvar einskild sak, og er administrativt underlagt Konkurransetilsynet. Nærings- og fiskeridepartementet avgjorde den 24. juni 2016 at KOFA sitt sekretariat, i løpet av våren 2017, skulle ut av Konkurransetilsynet og inn i eit nytt organ saman med Konkurransklagenemnda og fleire andre nemnder underlagt Kulturdepartementet (Stiftelsesklagenemnda, Medieklagenemnda, Lotterinemnda og Frivillighetsregisternemnda). Den nyoppretta Konkurransklagenemnda skal også ha sin sekretariatsfunksjon hos Klagenemndssekretariatet. Anneline Vingsgård har vore midlertidig leiar for organet sidan 14. November 2016 i ein 50 prosents stilling. Jonn Sannes Ramsvik har frå same tidsrom vore leder for sekretariatet i ei 50 prosents stilling.

Ved utgangen av 2015 hadde sekretariatet 10 tilsette. Ved utgangen av 2016 hadde sekretariatet 6 fast tilsette, ein jurist i midlertidig engasjement og ein jurist i ulønna permisjon. Tal på årsverk i 2016 var 7,6.

KOFA avvika to tilbod for studentar i 2016: 1. Ubetalt traineeopphald for ein jusstudent, som fekk arbeide tilnærma likt som ein juridisk saksbehandlar i 3 månadar., 2. Masterstipend på


10 000 kroner og skriveplass for student som skriv masteroppgåve innan rettsområdet offentlege anskaffingar.

## 2.3 Ein analyse av resultat og ressursbruk

*Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen 2016*

Nøkkeltala som går fram av tabellene og diagramma under er basert på definisjonar av Direktoratet for økonomistyring (DFØ).

Klageorgan for off. anskaffelser	2013	2014	2015	2016
Antall årsverk	10,01	11,94	11,00	7,61
Samlet tildeling post 23 (NOK)	11 469 000	10 498 000	10 340 000	10 415 000
Driftsutgifter	11 571 674	11 324 713	10 741 474	9 869 337
Utnyttelsesgrad	100,87 %	107,63 %	103,75 %	94,77 %
Utbetaling til lønn	6 733 385	6 529 440	6 749 586	5 637 170
Honorarer nemndsmedlemmer	2 282 361	3 217 857	2 003 574	1 797 975
Refusjoner lønn (sykepengar, foreldre, lærling)	371 869	335 318	360 218	8 936
Lønnsandel driftsutgifter	77,91 %	86,07 %	81,49 %	75,34 %
Lønnsutgifter pr årsverk*	672 666	546 854	613 599	740 758



\*Honorar til nemndsmedlemmer i KOFA er inkludert som lønnsutgift i årsregnskapet men er ikke tatt med i beregningen for å få riktig nøkkeltall per årsverk. Honorar nemndsmedlemmer utgjør i 2016 1,798 MNOK.



I 2016 har det vore fleire naturlege avgangar, noko som har redusert talet på årsverk. Det har elles ikkje vore nokon permisjonar, og det er derfor få refusjonar på budsjettet.

KOFA prioriterer elles å nytte så mykje som mogleg av våre tildelte midlar direkte til vår kjerneoppgåve – å avgjere dei klagesakene som blir bringa inn til oss så raskt som mogleg. Vi meiner dette er i samsvar med prioriteringar og føringar vi har fått frå Nærings- og fiskeridepartementet. Vi har fokus på å utføre dei einskilde arbeidsoppgåvene i samband med klagehandsaminga vår så effektivt som råd er. Kva for heilt konkrete tiltak vi nyttar her, går fram av strategiplanen.

Utgiftene til sakshandsaminga omfattar lønnsutgiftene til dei tilsette i KOFA-sekretariatet og honorara til leiaren for nemnda og nemndsmedlemmene, og utgjer 75 % av budsjettet. Dei andre utgiftene våre er på totalt 18,5 % av dei samla tildelte midlane. Den vesentlegaste delen av desse utgiftene knyter seg til kontorutgifter (husleige, vakthald etc.) med 15 %. Husleigeutgiftene auka frå 10 til 15 % i 2016 som fylgje av flytting til nye lokale. 2 % av samla tildelte midlar er knytte til kjøp av kompetanseheving for dei tilsette, 1 % til reiser og diett og 2 % er andre driftsutgifter. Konsulentbistand er på 3 % og er advokatutgifter som fylgje av søksmål i gebyrsaker.

Når KOFA-tilsette held foredrag dekker oppdragsgivar reise- og opphaldskostnader. Vi tar ikkje honorar. Den årlege fagkonferansen vår er sjølvfinansiert gjennom deltakaravgifta.

## Del 3 – Årets aktivitetar og resultat

### 3.1 Viktigaste aktivitetar i løpet av året

- Gi rådgevande avgjerder frå nemnda i klagesaker
- Administrere klageprosessen
- Avvise klagesaker som ikkje skal behandlast i nemnda
- Høyringsarbeid og anna samarbeid med departementet
- Behandle førespurnader om innsyn
- Halde nettsidene til KOFA oppdaterte
  - Melde om nye innkomne saker og nye avgjerder
  - Skrive og legge ut omtale av utvalde saker på norsk og engelsk
  - Publisere andre nyhende
- Gi ut kvartalsvise nyheitsbrev
- Handtere medieførspurnader. Gi uttaler og rettleiing.
- Arrangere KOFA sin årlege fagkonferanse
- Halde foredrag for eksterne, organisasjonar og offentlege oppdragsgivarar.
- Fagleg samarbeid med Juridisk fakultet i Bergen på faget "EU and EEA Public Procurement Law "
- Arbeid med å opprette eit nytt organ, Klagenemndssekretariatet (KNS,) som sekretariatet til KOFA skal bli ein del av våren 2017 saman med fleire andre klagenemndssekretariat.

#### 3.1.2. KOFA praksis i 2016 - nokre betraktningar frå året som gjekk

Nokre reglar innanfor regelverket for offentlege anskaffingar byr på meir problem enn andre reglar, og dette kjem tydeleg fram i KOFA praksis. I 2016, som i dei føregåande åra, ser vi at

evalueringa av tilboda, avvisingsreglane, kunngjeringsplikta og plikta til å forklare grunnlaget for ei tildelingsavgjerd utgjer ein stor del av dei anførslane partane set fram i klagane sine. Under vil vi presentere nokre av dei sakene som vart avgjort i 2016 innanfor desse felta.

### Ulovlege direkte anskaffingar

Eit av dei mest alvorlege brota på regelverket om offentlege anskaffingar er omtalt som dei ulovlege direkte anskaffingane. Ulovlege direkte anskaffingar er i forskrifta definert som anskaffingar der ein offentleg oppdragsgjevar i strid med regelverket ikkje har kunngjort konkurransen, eller berre kunngjort i Doffin, sjølv om det og var ei plikt å kunngjera i TED. KOFA har frå 1. januar 2017 fått tilbake gebyrmyndet for ulovlege direkte anskaffingar. Dette inneber at KOFA kan krevje offentlege oppdragsgjevarar for eit gebyr på maksimalt 15 prosent av kontraktens verdi dersom KOFA kjem fram til at vilkåra for å krevje gebyr er til stades. Sjølv om KOFA ein periode ikkje har hatt gebyrmynde, har det likevel jamt over kome inn saker med påstand om ulovlege direkte anskaffingar. I 2016 avgjorde KOFA totalt 19 saker med påstand om ulovleg direkte anskaffing. Blant desse er sak 2016/39, sak 2016/13 og sak 2016/123 interessante å trekke fram.

Sak 2016/13 gjaldt ei sak der ein oppdragsgjevar hadde lyst ut to konkurransar der konkurranse nummer to vart avlyst fordi oppdragsgjevar hevda det var lovleg å gjere om avlysinga av den fyrste konkurransen. I tilknytning til spørsmålet om ulovleg direkte anskaffing gjaldt saka om oppdragsgjevar hadde lov til å inngå kontrakt med den valde leverandøren basert på ein konkurranse som allereie var avlyst. Klagenemnda uttalar i den samanheng at kontraktsinngåinga ikkje kunne heimlast i den fyrste konkurransen ettersom oppdragsgjevar hadde plikt til å avlyse denne. Ein kunne dermed heller ikkje gjere om avlysinga. Då innklaga avlyste den fyrste konkurransen og kunngjorde ein ny konkurranse om den same tenesta, gav dette eit klart signal om at den fyrste konkurransen var eit tilbakelagd stadium. Klagenemnda konkluderte difor med ulovleg direkte anskaffing i dette tilfellet.

Klagenemnda si avgjerd i sak 2016/39 og sak 2016/123 tek begge opp spørsmål knytt til eineleverandør. I forskrifta § 2-1 (2) bokstav b går det fram at det berre er forskrifta del I som gjeld, dersom anskaffinga berre kan gjerast hos ein leverandør i marknaden, for eksempel av tekniske eller kunstnarlege årsaker, eller for å verne om ein einerett. Sak 2016/39 omhandla kjøp av eit flygel, der oppdragsgjevar hevda dei hadde heimel til å inngå kontrakt med ein leverandør av flygel av merket Steinway utan å kunngjera anskaffinga i forkant. Klagenemnda fann derimot ikkje haldepunkt for å legge til grunn at Steinway var einaste aktuelle konsertflygel. Motsett resultat vart det i sak 2016/123. Saka omhandla bygging av fjellsti i Moskenes kommune. Ut frå innhaldet i oppdraget og dei konkrete omstende i saka, konkluderte nemnda med at Stibyggeren var den einaste leverandøren som kunne levere tenesta innan den gitte tidsramma. Anskaffinga var dermed ikkje ei ulovleg direkte anskaffing.

### Tildelingsevaluering og evalueringsmodeller

Klagenemnda behandlar ofte saker som gjeld evalueringa av dei innkomne tilboda. Eit aukande tal av desse sakene omhandlar den valde evalueringsmodellen, og her var ikkje året 2016 noko unntak. Særleg den forholdsmessige metoden ved evaluering av pris kjem ofte opp i praksis frå klagenemnda.

Utgangspunktet er at den offentlege oppdragsgjevaren har eit visst skjønn med omsyn til kva slags modell som skal brukast i den konkrete evalueringa. Oppdragsgjevar har heller ikkje

plikt til å opplyse om metoden i kunngjeringa eller konkurransegrunnlaget. Oppdragsgjevars skjønn er likevel underlagd til dels vesentlege innskrenkingar.

Dersom oppdragsgjevar vel å opplyse om evalueringsmodellen på førehand, til dømes i konkurransegrunnlaget, vert det som ein klar hovudregel kravd at han held seg til denne i evalueringa. Eit eksempel på at dette ikkje blei gjort, er sak 2016/85. Det gjekk fram av konkurransegrunnlaget at innklaga ville gi 10 poeng til det lågaste pristilbodet, og at "laveste pris + 100 % gir 0 poeng". I tildelingsbrevet gjekk det fram at lågaste pris hadde fått 10 poeng, slik konkurransegrunnlaget føreskreiv. For dei resterande tilboda hadde innklaga derimot gitt ein reduksjon med utgangspunkt i at "laveste pris + 50 % gir 0 poeng (laveste pris + 10 % gir 8 poeng etc., laveste pris + 20 % gir 6 poeng etc.)". Dette, konstaterte klagenemnda, representerte eit brot på forskriften § 22-2 (2).

Ein annan viktig føresetnad er at metoden som blir brukt faktisk er eigna til å påvise relevante forskjellar mellom tilboda. Dette var tema i klagenemndas sak 2016/41. Tilboda skulle her evaluerast på bakgrunn av "Totalkostnad" (70 %), "Oppdragsgjennomføring" (15 %) og "Oppdragsorganisasjon" (15 %). Utteljing på priskriteriet skulle bereknast etter den forholdsmessige metoden. Ifølgje klagar fekk små kvalitetsforskjellar store utslag i evalueringa av "Oppdragsgjennomføring" og "Oppdragsorganisasjon", mens store prisforskjellar fekk små utslag under priskriteriet.

Klagenemnda kom til at klagar ikkje kunne høyrast med dette. Klagars påstandar gav etter nemndas oppfatning ikkje grunnlag for å sette til side innklaga si vurdering om at den valde leverandørens tilbud "var såpass mye bedre enn klagers tilbud på de kvalitative tildelingskriteriene at disse forskjellene mer enn oppveide prisforskjellen og den betydelig høyere vekten av tildelingskriteriet «Totalkostnad»" (premiss 32).

### Plikta til å grunngi avgjerda om tildeling

Eit av dei vanlegaste spørsmåla klagenemnda handsamar, er om plikta til å grunngi avgjerda om tildeling er broten. At plikta til å grunngi avgjerda blir overhalden er avgjerande for at tilbydarane skal kunne handheve sine rettar etter regelverket. I mange av sakene frå 2016 kor klagenemnda handsama plikta til å gi ei grunngiving, konstaterte klagenemnda klare brot på regelverket, sjå sakene er 2015/126, 2015/134, 2016/3, 2016/54 og 2016/124.

Informasjonen gitt i grunngivingane viser resultatet av konkurransen, men er ikkje ei grunngiving for utfallet som er tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til å grunngi avgjerda i tråd med regelverket.

Klagenemnda vurderte i sak 2015/143 for første gong plikta til å grunngi avgjerda om tildeling i en lågast-pris konkurranse. Saka blei derfor handsama i stornemnd. Anskaffinga gjaldt ein rammeavtale for polikliniske radiologitenester. Klagar framførte at innklaga hadde handla i strid med plikta til å grunngi avgjerda om tildeling i forskrifta § 11-14 (1), ved ikkje å opplyse kva for evalueringsprisar som blei lagt til grunn. Klagenemnda kom til at ein må opplyse om tilbydarane sin evalueringspris i utgangspunktet i tilfelle der tilbydd pris er det einaste kriteriet tilboda skal vurderast på bakgrunn av. I slike tilfelle vil prisen (totalpris eller evalueringspris) vere det einaste oppdragsgivar kan opplyse om for å kunne gi ei konkret grunngiving for val av tilbud. Det vil i motsett fall ikkje vere nemneverdig innhald i plikta til å gi ei grunngiving ved tildelingskriteriet "lågast pris". Dersom det berre blir opplyst at den valde leverandøren hadde den lågaste prisen, vil dette ikkje gi leverandørane særleg mogelegheit til å bedømme om anskaffingsprosedyren har gått føre seg i samsvar med regelverket. Ofte vil heller ikkje total- eller evalueringsprisen gi tilbydarane mykje informasjon, men tilbydarane vil likevel få meir informasjon enn ved berre å få opplyst at valde tilbydar hadde lågast pris.

Prisinformatjonen kan gi grunnlag for å avdekke feil ved oppdragsgivar si utrekning av total-

eller evalueringsprisen. For oppdragsgivar vil det vanlegvis heller ikkje vere særleg byrdefullt å ta inn slike opplysingar i grunngivinga. I praksis er det derfor først og fremst kravet til å halde løynd opplysningar av konkurransemessig betydning som avgrensar plikta til å gi ei grunngiving, jf. forskriften § 3-6, jf. forvaltningsloven § 13. Innklaga opplyste, noko klagar ikkje nekta for, at marknaden for radiologiske tenester er spesiell. Det er få leverandørar på marknaden, og innklaga er den heilt dominerande kunden. Aktørane er av forskjellig størrelse og ein må gå ut frå at dei har ulike strategiar for prissetjing. Gitt utfordringane med å halde konkurransen på marknaden for radiologiske tenester ved lag, og særtrekka ved innklaga sin tildelingsmodell, antok klagenemnda at det var av konkurransemessig betydning å halde tilbake opplysningar som gav innsikt i konkurrentane sine prissetjingstrategiar. I dette konkrete tilfellet hadde innklaga dermed ikkje brote plikta til å grunngi avgjerda om tildeling i forskrifta § 11-14 (1).

### Unntaket for leige og erverv av bygg

Forskrifta gjer unntak for avtaler om leige og erverv av bygg og annan fast eigedom. Samstundes er bygge- og anleggskontraktar omfatta. Manglande kunngjering av bygge- og anleggskontraktar kan vere ei ulovleg direkte anskaffing. Difor er det viktig å vite når unntaket gjeld og når det ikkje gjeld.

Tilhøvet mellom reglane er vist mykje merksemd i juridisk teori og praksis. I tidlegare praksis vart det lagt opp til at spørsmålet om korleis avtalen rettsleg skulle klassifiserast, skulle avgjerast ut frå ei heilskapsvurdering. Samanlikna med tidlegare praksis, legg den siste praksisen frå EU-domstolen opp til ei meir vilkårsbestemt vurdering. Det avgjerande er om avtalen rettsleg sett må karakteriserast som ein bygge- og anleggskontrakt. Dette kviler i første rekke på to vilkår. Det første vilkåret er at det må vere tale om eit bygge- og anleggsarbeid. Det andre vilkåret er at dette bygge- og anleggsarbeidet oppfyller dei krava som er sett av den offentlege oppdragsgjevararen.

Dette inneber at ein del av dei omstenda som tidlegare vart sett på som relevante argument for at det var ein avtale om leige, ikkje lenger har særleg betydning. Eksempelvis har EU-domstolen uttalt at det ikkje er relevant med tanke på den rettslige klassifikasjonen at avtalen ikkje inneheld forkjøpsrett.

Sak 2016/80 er eit utslag av dette. Saka gjaldt ein konkurranse for leige av lokale som blei halden av Haram kommune. Som svar på oppdragsgivar sine føringar tilbydde den valde leverandøren at selskapet ville rive delar av eit eksisterande kjøpesenter, og at eit nybygg skulle førast opp i tilknytning til dette. Ei eventuell inngåing av kontrakt med vald leverandør ville måtte sjåast på som ein bygge- og anleggskontrakt.

#### 3.1.3 Rettssaker

KOFA har ikkje motteke søksmål i 2016 og det har difor ikkje vore arbeid med rettssaker i 2016.

#### 3.1.4 Foredrag

At representantar for KOFA held foredrag er viktig for å gjere KOFA sitt arbeid synleg i størst mogleg grad, jf. KOFA sine strategiske mål om å oppnå legitimitet. Både leiaren i nemnda og tilsette i sekretariatet heldt foredrag om KOFA sine avgjerder og funksjon i løpet av 2016.

#### 3.1.5 KOFA sin fagkonferanse 2016

KOFA har sidan 2006 arrangert ein fagkonferanse for å synleggjere KOFA og KOFA sine avgjerder. Fagkonferansen i 2016 vart halden på Clarion Hotell Flesland, og det var rekordstort oppmøte med meir enn 380 personar til stades. Konferansen er no å rekna som ein av dei aller største innanfor offentlege anskaffingar. Det blei gjennomført ei evaluering i



etterkant og konferansen fekk svært gode tilbakemeldingar. I 2016 hadde konferansen 10 års jubileum og det blei markert med at statssekretær Lars Joakim Hiim frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) innleia konferansen. Liv Lunde, underdirektør i NFD, orienterte om det nye regelverket. Vidare var det innlegg frå både leiar i Klagenemnda Georg Fredrik Rieber-Mohn, Konkurransetilsynet ved Direktør Lars Sjørgard og fungerande direktør Svenn Gaulen, KOFA sekretariatet, professor og nemndsmedlem i KOFA Halvard Haukeland Fredriksen, advokat og nemndmedlem Kristian Jåtog Trygstad, og heilt til slutt Kristoffer Sällfors frå det Svenske Konkurrensverket.



*Ny rekord med meir enn 380 deltakarar på KOFA konferansen i 2016*

## 3.2 Våre resultat

### 3.2.1 Måloppfyljing på strategiske mål

#### Overordna departement og tildelingsbrev

Nærings- og fiskeridepartementet legg rammene for KOFA sitt arbeid. Kvart år utarbeider departementet eit dokument som legg føringar for KOFA si verksemd.

I tildelingsbrev av 21.12.2015, ref. Prop. 1 S (2015-2016) har Nærings- og fiskeridepartementet fastsett følgjande hovudmål for KOFA:

*«Effektiv saksbehandling i sekretariatet til Klagenemnda for offentlige anskaffelser.»*

Tilhøyrande resultatkrav vart presentert i pkt 3.6 i tildelingsbrevet:

*«Legge til rette for effektiv og forsvarlig saksbehandling i sekretariatet for Klagenemnda for offentlige anskaffelser.»*

«Sekretariatet for Klagenemnda for offentlige anskaffelser skal behandle klager i samsvar med forskrift om klagenemnd for offentlige anskaffelser og derved styrke håndhevingen av anskaffelsesreglene og bidra til økt kunnskap om dem.»

## Hovudoppgåve

KOFA si oppgåve er så raskt som mogleg å gje avgjerder av god kvalitet i dei klagesakene som blir fremja for organet. KOFA skal opptre profesjonelt, det vil seie opptre upartisk og vareta partane sine behov for rettstryggleik og ein føreseieleg saksgang. KOFA skal også oppfattast som ein viktig samfunnsaktør som fremmar anskaffingsregelverket sitt formål om kostnadseffektive offentlege innkjøp gjennom bruk av konkurranse.

## Viktige tal for verksemda

KOFA fekk inn totalt 195 saker og avgjorde totalt 151 saker i 2016. Desse fordeler seg slik:

<b>Innkomne klagesaker</b>	<b>195</b>
Prioriterte rådgjevande saker <sup>2</sup>	52
Uprioriterte rådgjevande saker <sup>3</sup>	143
<b>Avgjorte klagesaker</b>	<b>151</b>
Tal saker med regelbrot	52
Tal saker utan regelbrot	47
Tal saker trekt av klagar	14
Tal avviste saker	38
Tal avviste saker klaga inn for nemndsleiar	13
Tal avviste saker omgjort av nemndsleiar	4

Det vart ikkje pålagt nokon lovbrotsgebyr i 2016, då KOFA ikkje hadde mynde til å pålegge slike gebyr. KOFA fekk inn 21 saker i 2016 med påstand om at det var føreteke ei ulovleg direkte anskaffing. 17. juni 2016 blei det vedtatt i ny lov om offentlege anskaffingar at KOFA skulle få attende gebyrmyndet. Lovendringa får verknad frå 1. januar 2017.

KOFA fekk i åra etter lov og forskriftsendringane med verknad frå 1. juli 2012 inn betydeleg færre klagar enn i åra før endringane, og dette var ei hovudårsak til at sakshandsamingstida gjekk ned til ønska nivå på tre månader for uprioriterte klagesakar. I 2016 har KOFA fått inn 28 prosent fleire klagar enn i 2015. Årsaka til auken kan vere at sakshandsamingstida var låg ved inngangen til året og at KOFA difor er meir attraktiv som eit tvisteløysingsalternativ. Det kan også vere andre årsaker til at talet på klagar har auka, til dømes at leverandørane i større grad enn før er opptatt av å vinne tilboda i dei konkurransane dei deltek i.

Talet på prioriterte saker i klagenemnda har auka med 38 prosent i forhold til i 2015. Det er positivt at KOFA i større grad enn før er attraktiv som tvisteløysingsorgan for anskaffingar der kontrakt enno ikkje er inngått. Ei rask avklaring av den konflikten som ligg føre gjev leverandørane moglegeheit til raskt å komme vidare i den anskaffingsprosessen dei har vore involvert i, enten dei har fått medhald eller ikkje. For den offentlege oppdragsgjeveren betyr

<sup>2</sup> Prioriterte saker er saker der oppdragsgivar ventar med å inngå kontrakt til KOFA har avgjort saka.

<sup>3</sup> Uprioriterte saker er saker der oppdragsgivar har inngått kontrakt.

ei rask avklaring at dei kan få gjennomført anskaffingane sine utan nemneverdig opphald. Begge delar er viktig for å iareta formålet i lova som er å bidra til effektiv ressursutnytting i samfunnet.

Talet på oppgjorte saker i 2016 var mindre enn i 2015 (180 mot 151) og kan forklarast med at KOFA-sekretariatet i 2016 hadde opptil 3 færre saksbehandlarar enn i 2015.

Tal behandla saker	2014	2015	2016
Tal saker med regelbrot	90	59	52
Tal saker utan regelbrot	99	54	47
Tal saker trekt av klagar	12	5	14
Tal avviste saker	75	63	38

### 3.2.2 Strategiske mål

KOFA har sjølv sett fylgjande strategiske mål for verksemda:

<b>EFFEKTIV OG GOD KVALITET</b> KOFA sine avgjerder skal komme raskt og ha høg fagleg kvalitet
<b>PROFESJONALITET</b> KOFA skal opptre upartisk og vareta partane sine behov for rettstryggleik og føreseieleg saksgang
<b>LEGITIMITET</b> KOFA skal oppfattast som ein viktig samfunnsaktør som fremjar anskaffingsregelverket sitt formål om kostnadseffektive innkjøp gjennom bruk av konkurranse

KOFA gjennomførte i desember 2016, i tråd med strategiplanen som vart utarbeidd i 2013, ei brukarundersøking for å finne ut korleis brukarane meinte at KOFA oppfylte de strategiske måla. Ei brukarundersøking med same spørsmål vart gjennomført sist i 2014.

Brukarundersøkinga vart send ut til abonnentane på [www.kofa.no](http://www.kofa.no) som utgjør 2500 personar, og 237 abonnentar svarte på undersøkinga. Av dei som svarte var 69 prosent offentlege oppdragsgjeverar. 5 prosent var leverandørar. 79 prosent av dei som svarte meinte at dei hadde stor kjennskap til anskaffingsregelverket.

Totalt sett kom KOFA godt ut i brukarundersøkinga. Under vil vi gjennomgå resultatata for kvart strategisk mål.

#### Kravet til effektivitet

Kravet til effektivitet kan målast ved sakshandsamingstida vår, og kor fornøgde brukarane er med denne. KOFA sitt mål er å halde ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid for uprioriterte saker på tre månader, og to månader for prioriterte saker. KOFA oppnådde sitt eige mål om tre månaders sakshandsamingstid for uprioriterte saker i april 2015. Sakshandsamingsstida har diverre gått opp for uprioriterte saker i 2016 som fylgje av for låg bemanning.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for uprioriterte saker var 114 dagar, det vil seie like under 4 månader. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for prioriterte saker var 62 dagar, og her klarer KOFA å halde målet om 2 månaders sakshandsamingstid.

I undersøkinga meinte 45 prosent at sakshandsamingstida for prioriterte saker var passeleg eller betre. 19 prosent var i liten grad eller i svært liten grad nøgd med ei saksbehandlingstid på 2 månader. I 2014 meinte 38 prosent at sakshandsamingstida var passeleg eller betre, og det er såleis ei betring i resultatata for 2016.

For uprioriterte saker meinte 30 prosent at sakshandsamingstida var passeleg eller betre. 27 prosent var i liten eller i svært liten grad nøgd med sakshandsamingstida. I 2014 meinte 20 prosent at sakshandsamingstida var passeleg eller betre, mens 52 prosent var i liten eller svært liten grad nøgd. Også her ser ein ei betydeleg positiv betring i resultatata.

Tilbakemeldingane i brukarundersøkinga frå 2014 viser at sakshandsamingstid er svært viktig for legitimiteten til KOFA. KOFA er eit effektivt klageorgan, i den forstand at brukarane kan forvente ei rask løysing på den tvisten dei bringar inn til organet.

Sidan sakshandsamingstida er avhengig av kor mange saksbehandlarar som til ei kvar tid er tilsett i KOFA, vil effektiviteten målt etter sakshandsamingstid vere avhengig av det budsjettet som KOFA til ei kvar tid blir tildelt. Sakshandsamingstida er også avhengig av talet på innkomne saker. Sakshandsamingstid er derfor ikkje nødvendigvis godt eigna som ein indikator på kor effektiv sjølve drifta av KOFA er.

Effektivitet vil også avhenge av kor mange erfarne saksbehandlarar KOFA-sekretariatet til ei kvar tid har i sekretariatet, då ein må kunne rekne med at erfarne saksbehandlarar har større produktivitet enn mindre erfarne. Sjukefråvær og turnover påverkar også denne indikatoren. I 2016 hadde KOFA stor turnover av erfarne sakshandsamarar. Nye sakshandsamarar blei tilsett, men det tek tid før dei er like produktive som ein erfaren sakshandsamar.

### **Kravet til kvalitet**

Tilbakemeldingane er generelt sett svært gode når det gjeld kvaliteten på avgjerslene. I undersøkinga i 2016 meinte 74 prosent at KOFA sine avgjersler i svært stor grad eller i stor grad var god. Til samanlikning meinte 61 prosent det same i undersøkinga i 2014. 28 prosent var passeleg fornøgd i 2014, mot 18 i 2016. Dette inneber at brukarane meiner kvaliteten på avgjerslene har auka sidan brukarundersøkinga i 2014.

For å halde oppe god kvalitet på avgjerslene er det viktig at det blir lagt til rette for kompetanseutvikling for kvar einskild medarbeidar i KOFA-sekretariatet. Regelverket for offentlege anskaffingar er komplisert, og stiller krav til at ein held seg oppdatert til ei kvar tid på både nasjonale og EU-rettslege rettskilder. Det er også viktig at ein har erfarne sakshandsamarar i sekretariatet til ei kvar tid.

### **Krava til profesjonalitet og legitimitet**

Når det gjeld måla om profesjonalitet og legitimitet, viste undersøkinga som vart gjennomført i 2014 at KOFA scorar høgt på begge måla. Blant anna var det 77 prosent som uttalte at dei meinte KOFA varetar partane sine behov for rettstryggleik og føreseieleg saksgang. I undersøkinga i 2016 var det 78 prosent som meinte det same. Berre 5 prosent meinte at det ikkje var tilfellet.

96 prosent meinte at dei hadde tillit til KOFA sine avgjersler, mot 94 prosent i 2014.

Når det gjeld legitimitet, så har KOFA ikkje gjennomført endringar i dei tiltaka som vart gjennomført i 2013 for å betre legitimiteten. Vi ser at det er stort engasjement rundt KOFA si rolle og mynde. 97% av dei som svarte på undersøkinga seier at dei les nyhendebrevet til KOFA. Nyhendebrevet er såleis ein viktig kanal for å spreie kunnskap om avgjerslene og annan viktig informasjon om KOFA og regelverket for offentlege anskaffingar. Nettsida [www.kofa.no](http://www.kofa.no) er og ein viktig kanal for å halde oppe eller auke KOFA sin legitimitet. 77 prosent av dei som svarte meinte at dei fann den informasjonen dei leita etter, og 93% prosent svarte at dei les avgjerder frå KOFA kvar veke eller månadleg. 68 prosent brukar KOFA-praksis kvar veke eller månadleg i arbeidet sitt.

Generelt må det kunne konkluderast med at KOFA oppfyller formålet sitt om å vere eit godt tvisteløysingsalternativ til dei ordinære domstolane. Dette krev at vi til ei kvar tid har eit



sekretariat som er godt nok rusta til å handtere den daglege drifta av KOFA, og at det er midlar til å sørge for fagleg utvikling for dei tilsette.

### 3.2.3 Veksling mellom målformene

KOFA utarbeidde ei intern retningslinje i 2012 for korleis vi korrekt skal overhalde mållova. Nettsidene våre inneheld i all hovudsak rettslege avgjersler, som ikkje er omfatta av kravet til veksling mellom målformene, jf. mållova § 2 andre ledd og tidlegare avklaring. Det faste innhaldet på våre nettsider vekslar mellom målformene. Til dømes er all informasjon om KOFA på nynorsk, som opplysingar om nemndsmedlemmane, sekretariatet og jobbmoglegheiter. Det same gjeld mellom anna kontaktinformasjon og informasjon til pressa. Informasjonen om levering av klage og om saksgongen er hovudsakleg på bokmål. Vi har berre eitt skjema på nettsidene. Dette er eit klageskjema, og ligg føre på begge målformer. Det resterande faste innhaldet er navigasjonssider, oversikt over regelverk o.l., som ikkje inneheld meir enn nokre få ord.

## Del IV – Styring og kontroll i verksemda

### 4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

KOFA-sekretariatet er administrativt underlagt Konkurransetilsynet og ligg under same budsjettkapittel som Konkurransetilsynet. Det vil såleis vere felles føringar for den administrative delen av verksemdene. Konkurransetilsynet og KOFA nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Sakshandsaminga til KOFA er styrt av forskrift om klagenemnd for offentlege anskaffingar, forvaltningslova, tvistelova, offentleglova og mållova.

Vårt viktigaste interne styringsverktøy er strategiplanen vår, som detaljert gir føringar for korleis vi skal arbeide for å oppnå måla våre, og dei interne retningslinjene for sakshandsaminga. Det er vår oppfatning at sakshandsaminga vår blir utført i samsvar med desse regelsetta.

Vi viser til del 3 pkt 3.2.3 for oppnådde mål og vurdering av oppnådde resultat. Vi meiner at samla mål oppfylting er god ut frå dei økonomiske rammevilkåra KOFA har hatt i 2016. Målet vårt om ei sakshandsamingstid på maks 3 månader i alle saker er avhengig av at KOFA får tildelt nok midlar til at det kan vere nok tilsette i sekretariatet.

Styringsdialogen mellom overordna departement og Konkurransetilsynet går fram av det årlege tildelingsbrevet og består av faste møte og følgjande hovuddokument:

- Departementet sitt tildelingsbrev
- Verksemda si halvårsrapportering
- Verksemda si årsmelding
- Referata til departementet frå møte med verksemda, under dette 3 etatsstyringsmøte gjennom året.

Departementet har i dialog med KOFA utforma resultatkrav for arbeidet til KOFA og rapportering gjennom budsjettåret som er knytt til dei hovudmåla og prioriteringane som kjem fram i tildelingsbrevet ref. årsmeldinga del 3. KOFA vel sjølv verkemiddel for å nå dei måla som departementet set. KOFA utarbeider interne månadsrapportar over status på oppnådde mål og avvik i prioritering av saker, og dessutan månadlege økonomiprognosar til leiinga som del av økonomistyringa vår.

Konkurransetilsynet og KOFA har dokumentert internkontrollen i eiga retningslinje som vert følgt og oppdatert årleg og ved endringar. Den overordna risikovurderinga og gjennomgangen av status for styring og kontroll er dokumentert i tråd med gjeldande krav i økonomiregelverket. Konkurransetilsynet og KOFA hadde i det avsluttande revisjonsbrevet sitt ingen vesentlege merknader frå Riksrevisjonen. Det visast elles til Konkurransetilsynet sin årsmelding for 2016, kapittel 4.

## 4.2 Turnover

KOFA er opptatt av å behalde dyktige medarbeidarar. Dette er viktig for kvaliteten på det arbeidet som blir utført i KOFA og for at vi skal kunne arbeide så effektivt som råd. Ved stadige nyttilsettingar blir det kravd mykje ressursar til opplæring. Dette går ut over effektiviteten. I 2016 hadde KOFA ein turnover på 21,43 %.

## 4.3 HMS og arbeidsmiljø

KOFA skal arbeide systematisk med HMS for å sikre trygge arbeidsforhold og likehandsaming i verksemda. Gode resultat innan helse-, miljø og tryggleik krev eit sterkt leiarengasjement og systematisk samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. KOFA legg vekt på eit arbeidsmiljø som er helsefremmande og prega av tryggleik, open dialog og respekt. KOFA fokuserer på helsetiltak til det beste for den individuelle arbeidstakar og til det beste for verksemda. Nokre aktuelle tiltak som kan nemnast er bl.a. helsekampanjedag, medarbeidarundersøkingar, medarbeidarsamtalar og tilrettelegging for gravide arbeidstakarar. Tiltaka er tekne godt imot i organisasjonen.

## 4.4 Nye lokale i 2016

KOFA har sidan 2004 vore lokalisert i Bergen i Olav Kyrresgate saman med Konkurransetilsynet. I 2011 flytta KOFA til lokale i Rådhusgaten, då det vart for liten plass i Olav Kyrresgate. I 2012 vart det bestemt at Konkurransetilsynet og KOFA skulle finne fram til meir eigna lokale basert på vurderingar knytte til samlokalisering og tilbakemeldingar frå arbeidsmiljøundersøkingar. I 2013 vart det skrive kontrakt med Rom eiendom for leige av eit nybygg i Zander Kaasgate. I april 2014 oppretta Konkurransetilsynet ei prosjektgruppe. Bygget og prosjektgruppa fekk namnet Bergen stasjon.

Flyttinga til Bergen stasjon er et stort endringsprosjekt for verksemda. Det har vore lagt vekt på å utnytte det rommet for endring ein slik flytteprosess gir.

KOFA flytta inn i nye lokale i juni 2016. Med nye og fleksible lokale ønskjer vi å oppnå høgare effektivitet, auka profesjonalitet, auka trivsel og større evne til nytenking. KOFA tilsette vil fortsatt vera plassert i same bygning etter at Klagenemndssekretariatet er oppretta, men lokala vil vere fysisk heilt skilde frå Konkurransetilsynets lokale.

## 4.5 IA-avtalen og sjukefråvær

KOFA inngjekk ny avtale om inkluderande arbeidsliv den 22. mai 2014. Tilsynet og KOFA har på bakgrunn av nasjonale mål lagt til grunn følgjande IA-strategi:

Arbeidsgivar, arbeidstakar, tillitsvalde og verneombod i Konkurransetilsynet og KOFA skal arbeide systematisk for eit godt og inkluderande arbeidsmiljø. For å bidra til felles mål skal arbeidsgivar legge til rette for at tilsette sine individuelle behov med omsyn til den enkelte sine føresetnader, livsfase og livssituasjon blir varetaken på best mogleg måte.

Det er vedteke eigne mål- og handlingsplanar for IA-arbeidet i KOFA. I 2016 var sjukefråværet på 1,84 % prosent, dette er ein liten auke i høve til sjukefråværet for 2015 som var på 1,67 %. Begge delar er sett på som særleg lågt.

## 4.6 Likestilling

Likestillingsarbeidet i KOFA blir utført i tilknytning til fleire område. KOFA er opptatt av at alle tilsette får høve til å utvikle sine individuelle og organisatoriske ferdigheiter. Ved intern og ekstern rekruttering legg KOFA vekt på mangfald på arbeidsplassen og oppmodar kvalifiserte kandidatar til å søke – uavhengig av alder, seksuell orientering, kjønn og kjønnsidentitet, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Særleg ved rekruttering til leiarstillingar blir det lagt vekt på eit likestillingsperspektiv.

## Del V - Vurdering av framtidsutsikter

Vår eiga brukarundersøking frå hausten 2016 viser at det er eit viktig behov for og ønske om eit effektivt og velfungerande KOFA. Heile 96 prosent av dei spurde i undersøkinga hadde tillit til KOFAs avgjersler, og 88 prosent meinte at KOFA er eit godt tvisteløysingsalternativ.

Lov og forskrifter om offentlege anskaffingar er endra frå 1. januar 2017. Formålet er å gjere regelverket enklare og meir fleksibelt. KOFA har fått attende gebyrmyndet for ulovlege direkte anskaffingar. At KOFA får tilbake dette myndet betyr at KOFA framover vil få ei viktigare rolle når det gjeld handhevinga av regelverket for offentlege anskaffingar. KOFA får då høve til å pålegge rettsleg bindande gebyr og dette vil føre til ei meir effektiv handheving av anskaffingsregelverket.

KOFA må reknast som eit godt tvisteløysingsalternativ til dei ordinære domstolane. Dette er i samsvar med intensjonen med KOFA ved opprettinga. Det mest kritiske for KOFA har likevel, heilt sidan etableringa, vore å få stabile og tilstrekkelege økonomiske rammevilkår til at sakshandsamingstida i organet kan vere på det nivået som er ønskeleg.

KOFA sekretariatet skal inn i eit nytt klagenemndssekretariat frå våren 2017, og dette betyr at det blir eitt sekretariat som skal arbeide for 6 ulike nemnder som kvar handhevar ulike regelverk. Det er ein risiko for at det i en overgangsfase blir auka sakshandsamingstid for klagesakene til KOFA fordi ressursar frå KOFA må nyttast til å handtere klagesakane til dei andre nemndene. Etter kvart som organet blir etablert og fleire ansatte kjem til, vil risikoen minske.

## Del VI – Årsrekneskap

I 2016 var KOFA administrativt underlagt Konkurransetilsynet og har løyvinga si på post 23 på Konkurransetilsynet sitt utgiftskapittel 911 og inntektskapittel 3911 post 01. Det blir derfor sendt inn samla S-rapport til statsrekneskapen. Det blir vist til omtale av årsrekneskapen i del VI for Konkurransetilsynet.